

REGIONALE TILSKOT TIL FARTØYVERN I HORDALAND RETNINGSLINER

1. Føremål

Målet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand fartøy i Hordaland for vidare bruk, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

2. Aktuelle søkjrarar

Målgruppa for ordninga er eigalarar og forvaltarar av flytande kulturminne i Hordaland. Kommunar, foreiningar, stiftingar, andre samanslutningar og private kan søkje. Fartøya må ha heimeadresse i Hordaland. Etter nærmere vurdering kan kravet fråvikast kravet dersom fartøyet har størsteparten av seglingstida si i fylket.

3. Søknadsfrist og framgangsmåte.

Søknad sendast på særskild skjema til Hordaland fylkeskommune v/ Kultur- og idrettsavdelinga innan 1. desember.

4. Krav til søknaden:

Søknaden må innehalde tilstrekkeleg informasjon/dokumentasjon og minst gjere greie for følgjande:

- a) Fartøyet sin kulturminneverdi
- b) Behov for tiltaket
- c) Val av løysingar
- d) Plan for gjennomføring
- e) Finansieringsplan og budsjett
- f) Dokumentasjon på at naudsnyt myndekrav for tiltaket er oppfylt
- g) Effekt av tiltaket for ålmenta

Søknaden skal vere signert av ansvarleg søker. Dersom andre enn eigar er søker, skal søknaden også vere signert av eigar eller rett representant for eigar. Dersom søknaden er mangefull, kan det verte høve til å rette dette innan ein nærmere fastsett frist. Dersom manglane ikkje er retta innan fristen, kan søknaden verte avvist.

5. Vilkår for til deling:

Følgjande vilkår må vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

- a) Tiltaket må ligge innafør og bidra til å realisere føremålet med ordninga jfr. pkt. 1.
- b) Det vert ikkje gitt faste/årlege tilskot til drift.
- c) Tilskot til tiltaket skal normalt ikkje overstige 50 % av kostnadene. Ved særlege høve kan administrasjonen fråvike dette kravet.
- d) Status på tiltaket må meldast tilbake innan utganen av tildelingsåret.
- e) Det kan ikkje tildelast tilskot til fartøy som staten eller fylkeskommunen er eigalarar av.
- f) Det kan gjevast tilskot til dekning av faktiske og naudsnyte driftsutgifter knytt til vedlikehald (til dømes naudsnyt forbruksmateriell, periodisk ettersyn/service av maskineri og teknisk utstyr, sertifisering, fysisk sikring/ivaretaking av fartøyet, mellom anna straumoppkopling ved kai)

6. Ytterlegare moment ved skjønnsutøvinga

Om søkerar som fyller grunnvilkåra under pkt. 5 skal løyst tilskot byggjer på ei heilskapleg vurdering med utgangspunkt i føremålet med ordninga jfr. pkt. 1, der det mellom anna vert lagt vekt på følgjande moment (i prioritert rekkefølgje):

- a) Kulturminnet sin kulturminneverdi og viktigkeit av tiltaket
- b) Søkjars sin kompetanse og gjennomføringsevne
- c) I kva grad tiltaket kjem ålmenta til gode
- d) Representativitet

7. Rapportering/kontroll:

Søkjar skal rapportera status innan utgangen av tildelingsåret og endelegrapport må innleverast innan 15. november seinast to år etter at løyvinga er gitt.

Rapporten skal innehalde:

- a) Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket

b) Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering

c) Dokumentasjon i form av foto e.l.

Søkjar skal elles varsle fylkeskommunen dersom det oppstår vesentlege avvik fra prosjektplanen i prosjektperioden.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn. Brot på krava til rapportering/kontroll kan føre til at utbetalingar vert haldne attende og at vedtaket om tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

8. Misleghald

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane førast attende til fylkeskommunen.

Dersom det ligg føre vesentlege avvik fra prosjektsøknaden, kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Pengane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

9. Klage

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagefrist er 3 veker frå søker mottok underretninga om vedtaket.

I Hordaland fylkeskommune si underretning til søkerane om vedtak, skal det mellom anna opplysast om klagetilgang, klagefrist og partsinnsyn mv. jfr. forvaltningslova § 27 tredje ledd.